




Har verva over
100 til Mållaget
Supervervar Live gjev
sine beste vervetips.

SIDE 12

Ølve Mållag
legg ned
Det historiske laget
legg ned etter 44 år.

SIDE 4-5



Umogleg å
omsetja Fløgstad?
Matthias Friedrich freista
omsetja Fløgstad til tysk,
men fekk det ikkje til.

SIDE 18-21

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 4
september 2024

Åtti år med nynorsk musikhistorie

I ei fersk bok om nynorsk
musikhistorie kan vi blant
mykje anna lese om Marie
Lovise Widnes (biletet), som
var den einaste plateartisten
som skreiv nynorskttekstar
i 1950-åra.

SIDE 6-8



Finst det håp for lesekunna?

■ Fleire universitet seier dei har erfart at både lesemengda og -kompleksiteten har blitt lågare blant norske studentar dei siste åra. Janne Stigen Drangsholt ved UiS kommenterte i ei sak i Khrono at studentar blir overraska av at dei skal lesa heile romanar. Sjølv sagt er dei som går på HF, særleg dei som studerer litteratur eller filosofi, over snittet interesserte og vande med å lesa. Men også i desse faga er altså trenden at studentane les mindre enn før. Dette er mykje meir alvorleg enn at enkelpersonar går glipp av gode leseopplevelingar, det er eit demokratisk problem og eit problem for Noreg som kulturnasjon.

■ I boka *Kluge hænder* skriv den danske politikaren Matias Tesfaye om fiolinane til Stradivarius, som er heilt eksepsjonelle fiolinar det ikkje er mange igjen av. Det skuldast at kunna om korleis dei vart laga, er gått tapt. Poenget er at handverkstradisjonar kan gå tapt om dei ikkje blir haldne ved like, men me kan også overføra poenget til lesing. Lesing og leseforståing er eigenskapar som er bygde opp, dei finst ikkje naturleg hjå oss når me blir fødde. I «beste» fall vil synkande lesekunne auke forskjellane mellom folk. I ytste konsekvens vil mykje intellektuell kapasitet gå tapt, noko som får konsekvensar for forsking og teknologiske nyvinningar, for kreativiteten og førestillingsevna vår.

■ Dette semesteret deler UiO og UiB ut ein gratis roman for alle studentar som startar ved Humanistisk fakultet. Ved UiB er det også etablert mobilfri sone i studentkaféen på HF-bygget. Målet er å stimulera til lesing, og skapa ein fellesskap der studentar kan lesa utan å bli forstyrra av mobilen. At studentane les same boka skapar tema for samtale og gjev ei kjensle av fellesskap gjennom ei kollektiv erfaring. I ei sak i Morgenbladet kan ein lesa om ein skule i Sandnes kommune som auka lesekunna til elevane og har gjort lesing til ein del av kvardagene til elevane. Det er altså mogleg å gjera noko med utviklinga og endre vanane til folk. Vi treng fleire slike initiativ!

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Dei politiske partia meislar no ut politiken dei skal gå til val på neste haust. For Noregs Mållag er det viktig at stortingsvalet 2025 også blir eit **språkval**.



Kravspekk til valflesk

■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE
Leiar i Noregs Mållag

få nynorsk og bokmål inn i Grunnlova, vil soleis vera ei modernisering av lova.

2. Hald på og løft sidemålsordninga

■ Norskfaget er det viktigaste faget i skulen, og det skal gje alle barn eit felles språkleg utgangspunkt. Sidemålsordninga er ryggrada i å sikre dei språklege rettane til nynorskbrukarane. Obligatorisk skriftleg opplæring i begge skriftspråk på ungdomsskulen og vidaregåande skule er grunnleggjande for jamstellinga mellom bokmål og nynorsk. Kunnskapen til eleven i sidemålet må bli vurdert, både på ungdomsskulen og i studieførebuande vidaregående opplæring. Denne kompetansen må også vere synleg på vitnemålet. Vurderinga i vidaregående opplæring må vere gjennom eigen standpunktakarater og obligatorisk eksamen. Eksamens i sidemål og hovudmål skal gjennomførast samstundes i Vg3 og med same krav, men på to ulike dagar. Vi veit at eksamen er styrande for undervisninga elevane får, og difor er det viktig at sidemålsoppplæringa også har karakter og eksamen.

Sidemålsoppplæringa for dei med bokmål som hovudmål, treng eit lyft: ho må byrje tidlegare, bli betre og meir spennande. Skular der hovudmålet er bokmål, bør nytte sidemål i andre fag enn norskfaget som eit verkemiddel for at elevane skal mestre både bokmål og nynorsk. Elevane med nynorsk som hovudmål møter så mykje bokmål i daglelivet at dei ikkje har det same behovet for mengdetrenings i sidemålet, men treng heller å få styrkt nynorskoppplæringa si.

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Redaktør: Vemund Norekvål Knudsen

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

■ sagt



3. Nynorskbrukarane må få bruke språket sitt på internett

Digitalisering og språkteknologi blir ein stadig større del av liva våre. Det meste kan styrast frå telefonen, tenester er digitale, kommunikasjonen med kommunen skjer gjennom samtalerobotar, lys og varme i heimen kan fjernstyrast frå ein app. Mindretalsulempene nynorskbrukarane møter, blir forsterka. Utviklinga går så fort at det er van-skeleg å henge med i svingane, og språkperspektivet blir gløymt. Styresmaktene må sørge for at teknologien tek omsyn til den norske språksituasjonen, mellom anna gjennom krav i offentlege innkjøp.

Den nye opplæringslova er ikkje god nok for lærarane og nynorskelevane, sjølv om det er bra at skriveprogram frå hausten av må finnast på både bokmål og nynorsk. Den nye opplæringslova har framleis eit kunstig skilje mellom «læremiddel» og «læringsressursar». Produsentane utnyttar dette holet i lova og lagar produkt som ikkje er på nynorsk. Situasjonen i dei nynorske klasseromma er så alvorleg at utan endringar i Stortinget vil den nye opplæringslova føre til svært ulike læringsvilkår mellom nynorsk- og bokmålselevane. Det bør leggjast inn at «læringsressursar som er laga for bruk i opplærings-» kjem inn i paragrafen for parallellekavet om bokmåls- og nynorskversjonar av læremiddel. Berre slik kan nynorskelevane få ein skulekvardag på språket sitt.

4. Lærarutdanningane må sikre gode nynorsk-lærarar

Norskunnskapar til lærarane er avgjeraende for god norskundervisning. Dei ulike lærar- og lektorutdanningane må sikre at framtidige lærarar har god nok kompetanse i nynorsk. Denne kompetansen må stå på vitnemålet. Alle lærarar må få tilbod om kurs og etterutdanning i nynorsk. Barnehagelærarutdanninga må gjere barnehagelærarane i stand til å førebu borna på å verte nynorskelevar. Borna må få møte og utvikle språket sitt i barnehagen. Språkstimulering på

bokmål er noko anna enn språkstimulering på nynorsk, det tek ikkje dagens rammeplan høgd for. Barnehagelærar- og lærarutdanningane må sørge for kompetente lærarar som lèt alle ungar møte nynorsk frå barnehagen og ut heile skulelopet.

5. Eit løft for nynorsk kultur

Den nynorske litteraturen er stor og rik, og det kjem stadig til nye, gode nynorske forfattarar. Dette er eit teikn på ein livskraftig skriftkultur. Det er viktig at breidda i denne er tilgjengeleg i heile Noreg. Då krevst det stønadsordningar, lov og løyving over statsbudsjettet som tek omsyn til at nynorsk er eit mindre brukta språk enn bokmål.

Nye politiske reformer byrjar med vedtak i stortingsvalprogram. Det er difor eit viktig politisk arbeid vi er i gang med. Eg har stor tru på at vi skal lukkast med påverknadsarbeidet fram mot landsmøtene som skal vedta programma. Di hjelp kan vere avgjeraende.

“ Om vi skal få politiske gjennomslag i stortingsperioden som kjem, er det avgjande at dei politiske partia har offensive ambisjonar for språkpolitikken i programma sine. ”

- Jeg har snakket med mange guttvenner om dette, og alle kjenner seg igjen. Hvordan skal man følgje med på nynorsk når man er så kåt?

**Kjartan Lorntzen
til Aftenposten**

Heldigvis har ikke Frp avskaffet nynorsk ennå.

**Sigrid Bonde Tusvik
i Dagsavisen**

Språklova er ikkje frivillig, NTNU.

**Mari Kaslegaard,
redaktør i Under Dusken**

Samlaget, det er vel samleie på nynorsk det?“

**«Bare Egil» i intervju
med Odd Nordstoga**

I tida framover kjem eg til å skrive nynorske på sosiale medier, og sjølv om eg veit at robotane kjem til å hacke dette målføret òg, så er det enn så lenge ei verd som er utanfor rekkevidde for nokre av dei enklaste modellane [...]”

Moddi

Og det er ikkje til å koma forbi at nynorsk ER mykje tøffare enn bokmål.

**Tom Ostad frå bandet Blodsmak
til Framtida 24. okt 2018**

siddiser skriver på dialekt til enhver tid, men hadde nynorsk som sidemål

@navleloe på X

Ingen protestar mot nynorsk i Ørsta.

Tittel i Møre-Nytt

Damn, I've been learning it for 6 months and now I find this out 🤦
fake Norsk?

**BumArse321
om bokmål på Reddit**

Hvordan uttaler man «lyrittareid» (på nynorsk)? Med trykk på y eller r?

**Lan Marie N. Berg
på X**

- Med gode omsettingsprogram basert på kunstig intelligens blir det mindre og mindre behov for at vi alle skal kunne ta skriftspråk.

**Øyvind Weiby Gregersen,
dekan ved Fakultet for
naturvitenskap, NTNU, til NRK**

- Eg synest ikkje nynorsk er så spennande. Kjemi derimot er jo berre moro.

**Hogne Jystad Fikkan
til NRK**

I ei bygd med rundt 400 innbyggjarar fanst eit lokalt mållag med 250 medlemmer som fekk **nasjonal merksemd**. No skal dei leggjast ned etter 44 år. Her er ein bit av historia til Ølve Mållag.

Historierikt lokalt mållag legg ned

VEMUND N. KNUDSEN

vemund.knudsen@nm.no

■ – Det vart laga litt latt og løye omkring det å vera medlem i Ølve Mållag. Det er nok der noko av suksessen låg, fortel Tone Birkeland, som har vore leiar i laget dei siste åra.

Ølve Mållag vart skipa 18. januar 1980, då 18 av dei fram-møtte teikna seg som medlemmer. Tre veker seinare talde det nystarta laget 66 medlemmer. I det første styret sat Jardar Skaadel, Gerd Presthus, Bjørg Borlaug, Marit Sissel Kvernenes og Vidar Rune Synnevåg.

Sidan var Ølve Mållag lenge ei suksesshistorie. Men no er det diverre slutt: Ølve Mållag er blitt slått saman med Kvinnherad Mållag.

– Etter pandemien har det vore vanskeleg å få til noko særleg aktivitet, diverre. Me prøvde å sjå om det var nokon som kunne tenkja seg å ta over før me gjorde nedlegginga formelt. Ingen har meldt seg, seier Tone Birkeland.

– Styret har fått masse fine meldingar med takk for arbeidet då, det har vore kjekt, legg ho til.

Populært lag

Ølve Mållag fekk tidvis mykje merksemd. I eit intervju med *Stavanger Aftenblad*, sa den då nyvalde leiar i Venstre, Lars Sponheim, stolt at han var medlem av Ølve Mållag. Slike utsegner fekk ein viss dominoeffekt, kjem det fram i lokallagshistorikken.

Eit par år seinare, i år 2000, fekk Ølve Mållag ein medlem på Svalbard. Robert Hermansen, gruvedirektøren på Store Nor-

ske. Veslebroren, Tormod, som var direktør i Telenor, ville ikkje vera därlegare, og sökte om å få mælda seg inn. Denne søknaden var på bokmål, men etter å ha «forhandla» seg fram til å sponsa eit parti med pennar til lokallaget, fekk han innpass.

– Det var ikkje andre krav til medlemskapen enn at du måtte stø arbeidet til Noregs Mållag, fortel Tone Birkeland, som understrekar at det ikkje var nokon som blei nekta medlemskap.

Stuntet fekk merksemd i lokalavisa Kvinnheringen: «Ein ferjebillett frå Utne har nyleg meldt seg inn og slapp gjennom nålauga utan noko om eller men. Men så er han harding og har målet i orden.»

Medlem frå Det kaspiske hav

Aller mest merksemd fekk Ølve Mållag då dei fekk ein medlem frå Astrakhan ved Det kaspiske hav. Vladimir Puzatov hadde lært seg nynorsk på eiga hand ved å lesa og høyra på norsk radio i Astrakhan!

I 1993, 26 år gammal, vitja han Kvinnherad. «Vilt forelsa i nynorsk» var overskrifta i *Kvinnheringen* då. Då den langvegsfarande gjesten spurde varaordførar Aksel Kloster om Ivar Aasen nokon gong hadde vore i Kvinnherad, kunne Kloster stadfesta dette. Og ikkje nok med det; han kunne òg fortelja Vladimir at «det i alle gode heimar i Kvinnherad heng eit bilet av Ivar Aasen på veggen».

– Eg har ikkje høyrd eller sett noko til han sidan slutten av 90-talet. Eg veit han omsette *Naustet* av Jon Fosse til russisk, etter at Samlaget kontakta han.



VEMODIG: – Når me no legg ned Ølve Mållag, er det med tungt hjarte.

Foto: Privat

Han omsette også nokre salmar av Trygve Bjerkrheim, veit eg, fortel Tone Birkeland.

Aktivt lag

Ølve Mållag var eit svært aktivt lag som skipa ei rekke kulturarangement og forsynte skular og barnehagar med samtidslitteratur på nynorsk litteratur.

– Diverre klarte me aldri å få lokalt næringsliv med på å nytta nynorsk. Der var me ikkje pågåande nok, fortel Tone.

Dei nok uortodoxe verve-metodane skapte eit godt sam-hald både lokalt og mellom dei utanfrå bygda som var medlemmer. Det har også vore viktig for Ølve Mållag.

– På landsmøta i Noregs Mållag trefte den større medlemsflokkene kvarandre. Det var ein del som kalla oss for Frimurarlojen i Mållaget, ler Tone.

– Nokon meinte me dreiv frak-

8 KVINNHERINGEN ONSDAG 31.01.2024

Bøker



LESEKROK: Malena Aasen i Ølve Mållag leikar med barna sine. Dei ikkje er fornøgd. (Privat foto).

– Borna må bli vane med den flotte nynorsken!

Ja, det er mottoet når Ølve Mållag deler ut nynorske bøker til barnehagane og skulane på nordsida, ifølgje lagssleiar Malena Aasen. Nyleg reiste laget

sjonsverksemdu. Det kan godt henda me har vore usamde med Mållaget sentralt i enkelte saker, men me dreiv aldri med slikt. Og det forstod leiinga i Mållaget, som let oss halda på. Me fekk faktisk ein skrivemaskin frå Noregs Mållag som premie for godt vervearbeid.

Eldsjeler

Tone Birkeland har forfatta eit brev som er gått ut til alle medlemmene i forkant av nedlegginga av laget.

– Me har også vore nøye på å senda ut årlege brev om kva som skjer i Ølve mållag og i bygda Ølve. Me ønskjer å trekka fram kva medlemmer gjer, alt frå prisar til lokale initiativ og gode ting som blir trekte fram.

I brevet er det ei oppsumme-

OKTOBER 2012

til borna i Ølve



s frå den fjetrande boka «Prinsesser og drakar» av Christina Bjørk. Den handlar om prin-

rundt og delte ut heile 70 bøker av ulikt slag. 15 til kvar av barnehagane i Ølve og på Hatlestrand, og 20 til kvar av skulanane same staden.

I bokpakken var både bildebøker, forteljingar og spenningsbøker, det siste for dei eldste i skulen. Bøkene er plukka frå

utvalet hos Samlaget, barnebokklubben Blåmann og Forlaget Skald. Noko kjøpt, anna sponsa.

– Bokbussen skuffar oss stort. Det er bra at han kjem, men dårleg at det omrent ikkje finst bøker på nynorsk om bord, klagar Aasen.

Ho meiner nemleg det ei-

ring av historia til laget, og takkeord til Jardar Skaadel og Malena Aasen, som var med å stifta laget i 1980.

«Med humoristisk alvor bidrog Jardar til å plassere Ølvesbygda på kartet for folk rundt i det ganske land. Med Ølve Mållag vart målsak både noko kvardagsleg og eksotisk. Mange var bekymra for framtida for laget då Jardar brått døydde i 2001. Men Malena Aasen, Fredrikke Synnevåg, Hanne Grethe Ulvenes og Hans Jakob Berge bretta ermene opp, og med Malena som engasjert leiar gjennom fleire år, vart det viktige målarbeidet vidareført, til glede for bygda og til styrke for det målet me er sett til å ta vare på og utvikle.»

– Når me no legg ned Ølve

Mållag, er det med tungt hjarte. Det har vore vanskeleg å vera nye medlemmer, og ikkje mindre vanskeleg å rekruttera nye folk til styret. Slik er realiteten.

– Me trur likevel at mange har hatt glede av åra dei har vore

Russisk nynorsk-tilstengjar medlem i Ølve Mållag



• Sitjande frå venstre: Jardar Skaadel og Maria Nerhus. Ståande frå venstre: Aksel Kloster, Vladimir Puzator og Reidar Mathisdal.

Av Knut Hass

Då det var kjent at det i Astrakhan fanst ein ung russar med sterkt interesse for nynorsk og Ivar Åsen, så var det Gula Tidend som tok initiativet. Og Reidar Mathisdal, som har stått for dette arbeidet og besøket her i landet, fortel til Grenda at det kom inn over 17.000 kroner.

Dei har fått svært god hjelpe av Rune Asheim ved den norske ambassaden i Moskva, som sjølv reiste til Astrakhan og tok kontakt. Og her heime har Dag og Tid, Norges Mållag og lokale mållag vore medspelarar.

Og det er klart at ein russar med så stor interesse for vår nasjon og vårt språk, fortener ein tur hit. Besøket kan sikkert vera til inspirasjon i norgdoms-arbeidet, og no er altså Vladimir også blitt medlem i eit norsk mållag, nemleg Ølve Mållag.

Det er dette mållaget som har ståt for Kvinnherad-besøket. I Rosendal var det først mottaking og pressekonferanse i Rådhuset, der fungerande ordførar

Aksel Kloster tok imot. Det var også omvising på sjæverdige stader, m.a. kyrkja som Vladimir var særlig interessert i. Han høi- det djup kristen overtyding, og ei "tverrkjerkjeleg" innsætting i sin religiøsitet, idet han ser innom mange kyrkje-samfunn. I Rådhushuset vart han også overtekt "Frå Fjord til Fonn", og bibelen å nynorsk. Han får med seg mange andre bøker tilbake til Russland.

Besøket i Rosendal vart avslutta med eit piggyvar-måltid på Rosendal Fjordhotel. Det var fyrste gangen at russaren åt denne fisken, og det galdt nok også for flere av dei andre gjestene. Han fekk vita at dette er eit eksklusivt fisk, og ein av de nye fiske-artane i Norge som dei no arbeider med å få sett i gang oppdrett av.

Det var ein hyggeleg nynorsk-språkleg samkomst på hotellet der russaren viste stor språkleg kunnskap. Som sagt kan han 10 språk, og han har omsette ein cindel spansk skjønn-litteratur til russisk. Hans store ynskje er no å få setja om norsk skjønn-litteratur til russisk, og i så måte så fekk han namn på cindel Kvinnherad-for-

Med under denne samkomna var fungerande rådmann Karl Øivind Kristiansen, Jardar Skaadel og Marta Nerhus frå styret i Ølve Mållag og Reidar Mathisdal frå

Gula og lokalpressa. Vert under samkomna var fungerande ordførar Aksel Kloster, som heldt tale til Vladimir Puzator og vona på at dette besøket ville bli fylgt opp, slik at dette var byrjinga på eit godt kulturelt samarbeid mellom Kvinnherad og den fine representanten for norsk mål i Russland. Mathisdal takka for ein særlig fin velkomst i Kvinnherad, og Puzator takka for den oppleving det hadde vore for han å vera her.

Som vi veit er formannen i Ølve Mållag, Jardar Skaadel, flink til å tekna nye medlemmer, også langt utover bygdegrensene. Det er mange kjende namn i medlems-kartoteket, som kjem frå mange stader i landet. Og det er også medlemmer frå utlandet. Deter såleis ein professor busett i London, og ein i Finland. Og no også ein russar. Han er ikkje professor, men eit språkgeni, og han fyller dessutan til fulle krava om nynorsk-interessa. Vladimir Puzator har ikkje berre lært å lesa og snakk nynorsk ved hjelp av lyntekst i radio, og lesa ordbøker. Han er blitt ein kjennar av vår største nynorsk målforskar, og han er blitt glad i vårt nynorske språk, som han faktisk tykkjer er det vakraste i verda.

Etter stoggen i Ølve, gjekk turen til Ulvik, og eit besøk der.

Vinylsamlar og nynorskentusiast, Arild Torvund Olsen, har gjeve ut bok som syner **eit gløymt stykke språkhistorie** og breidda i den nynorske musikhistoria.

Gullalderen for nynorsk- musikken er no

VEMUND N. KNUDSEN

vemund.knudsen@nm.no

■ – Den norske musikhistoria har mangla språkperspektivet, og nynorskhistoria har mangla musikkperspektivet, og det har eg ønskt å gjera noko med, seier Arild Torvund Olsen om motivasjonen for å skriva boka *Slagersong og svartmetall. Godbitar frå den nynorske populærmusikken*.

Eit lite stykke nynorskhistorie

For ei lita stund tilbake, var Arild kurator for ei utstilling ved Ivar Aasen-tunet om nynorsk musikk. Han følte det var mykje meir å fortelje enn det han fekk plass til i denne utstillinga, og då Fonna Forlag tok kontakt om han kunne gjera dette til ei bok, måtte han sjølv sagt takka ja.

– Det har vore mange seine kveldar, gravande i både dei digitale og dei fysiske arkiva til Nasjonalbiblioteket og Arkivverket for å finna presseklypp, omtaler og intervju, og ikkje minst bilete.

– I tillegg har eg snakka med ein del artistar. Dei har syntest det er fint at nokon tek tak i dette, og har viljug delt historier og anna med meg, fortel Torvund Olsen.

Boka er delt inn krono-

logisk der me følgjer historia til den nynorske musikken utgjeven på fysisk format, frå den fyrste populærmusikkplata på nynorsk i 1938 heilt fram til 2018. Boka er ikkje eit komplett oversyn over det som er spelt inn av nynorsk musikk, men viser fram og fortel om eit representativt utval.

– Eg har samla aktivt på nynorske plater i ganske mange år. Samstundes som eg har samla plater, har eg utforska og samla på historiene bak dei og sett at det er veldig mange interessante enkelthistorier, fortel Arild.

Difor har eg organisert boka med utgangspunkt i enkeltplater. Eg har prøvd å visa breidda, både

det som inspirerte mange, det som selde bra og det som representerte noko nytt, legg han til.

Det finst mange historier i *Slagersong og svartmetall*. Men i arbeidet med boka har Arild og Fonna kanskje skapt litt historie sjølv. Dei fann ei ukjend innspeling med den folkekjære visesongaren Ivar Medaas. Den utgåva av *Slagersong og svartmetall* som er til sals frå heimesida til Fonna, kjem med ein fleksisingel med denne innspelinga som aldri før er utgjeven.

– Eg synest det er fint at ein får med ei plate når ein kjøper ei bok om vinyl og det fysiske formatet. Og så hadde eg lyst på innspelinga på plate sjølv, då, ler Arild.

– Saman med ei lenke til ei spelelist på Spotify, som lesaren kan lytta til medan dei les boka, gjev det eit fint samspel mellom fysisk sal og strøyming, legg han til.

Entusiastiske målfolk

Blant favorithistoriane til Arild, er forteljinga om Deep River Boys. Dette var ei amerikansk jazzgruppe som spelte inn «Sporven» av Arne Garborg og Catharinus Elling før dei skulle spela i Noreg i 1956. Med på innspelinga hadde dei ein norsk jazzkvintett med kjente namn



som Arne Bendiksen på bass og Erling Andersen på tenorsaksofon. Innspelinga vart vellukka, og allereie i september kom songen ut på 78-plate og selde godt, kanskje takka vere positiv omtale i *Norsk Tidend* og *Gula Tidend*.

– Denne historia syner oss entusiasmen til målfolket. Det finst ein fordom blant somme om at målfolk er skeptiske og konsernative, men det ser ein ingen teikn til her. Ein ser faktisk at målfolket er entusiastiske til nytolkingar av til dømes Garborg og Vinje, og har vore opne for musikalsk leik med nynorsk.

Då *Gula Tidend* fekk nyss om at Deep River Boys ønskte å spela inn ein versjon av «Sporven», skreiv dei med stor entusiasme: «Lat det norske målet syngja seg inn i ungdomen i vår tids rytme.» Gleda blei derimot kortvarig:





ENGELSK OG NYNORSK: Enslaved er eit bergensbasert ekstrem-metallband med internasjonal suksess. Trass i det engelske namnet, har dei fleire tekstar og albumtitlar på nynorsk.



PIONERARBEID: Marie Louise Widnes var blant dei første som skreiv eigne tekstar på nynorsk innanfor populærmusikken.

Foto: frå arkiva til familien



FYSISK FORMAT: Det vert kombinert plate- og bokutgjeving når Arild skal skriva historia til den nynorske populærmusikken, som også har laga ei Spotifyliste med dei beste songane som er omtalte.

Foto: Mari Torvund Måseide

Etterkomarane av Catharinus Elling meinte innspelinga var ei vulgær utgåve av «Sporven» og kravde at singelen vart trekt frå marknaden. Plateselskapet tok ikkje kampen, og destruerte rest-opplaget.

Gullalder for nynorsk musikk
Det er ikkje enkelt å peika på generelle særtrekk ved historia til populærmusikk på nynorsk, eller enkelt oppsummera ho. Som tittelen viser til: her er det alt frå slagersong, til vise, pop og rock til svartmetall. Det er likevel eitt utviklingstrekk som er særleg viktig.

– Nynorsk har vore viktig heile vegen, men den største forskjellen frå før og i dag er at det no er veldig mange fleire som skriv nynorske songtekstar, fortel Arild. I dag har me ei mykke større breidde i folk som skriv nynorsk populærmusikk.

På 50- og 60-talet var det i

hovudsak tonesetjing til andre sine tekstar som var vanleg. Den einaste plateartisten som skreiv eigne tekstar på nynorsk på 50-talet, var Marie Louise Widnes. På 70-talet kom det fleire som skreiv eigne tekstar, særleg innanfor rock og visesongen. På 80-talet vart det sett popmusikk til eksterne tekstforfattarar sine tekstar, før det frå og med 90-talet igjen er blitt stadig fleire som skriv eigne tekstar.

– Det er nokon som har spurt meg om kva som var gullalderen for nynorsk musikk, og eg vil påstå at gullalderen for nynorsk-musikken er no, seier Arild Torvund Olsen.

I dag er norsk tungmetall med nynorsk tekst stor kulturrell eksportvare, og folkrock/alternativ-bandet Gåte framførte nynorsk songtekst i Melodi Grand Prix for heile Europa. I Norsk Tidend 3/2024 sa Kjartan Fløgstad at mengda bokmål innanfor popu-

lærkulturen har falle markant, til fordel for engelsk, men også dialekt og nynorsk. Dette er ein påstand Arild Torvund Olsen er samd i.

– Eit interessant døme er til dømes i Melodi Grand Prix. Så lenge det var krav om å ha norske tekstar, var det bokmålsdominans. Etter det vart frislepp, har derimot nynorskprosenten halde seg identisk, men mengda bokmål har stupt til nesten ingenting.

– MGP har har gått frå bokmålstekstar med litt nynorsk, til at nynorsk og bokmål no er om lag likestilte. Det har kanskje noko med at dei som har lyst til å syngja på norsk, gjer det av ein grunn, og at dei som har eit medvite forhold til språk gjerne er målfolk, seier Torvund Olsen spørjande.

Lovande framtid?

Mange har spådd vinylens død, men samstundes som Spotify tok

Arilds 10 favorittar.

- Thorild Lindal: I Lovers' Lane (1956)
- Ivar Medaas: Teltet (1966)
- Åse Kleveland: Hent meg til jorda (1973)
- Undertakers Circus: Brød og cirkus (1975)
- Olav Stedje: Når dagen gryr (1986)
- Tom Roger Aadland: Rapport frå eit grensehotell (2015)
- Ingebjørg Bratland: Eim av parfyme (2015)
- Gåte: Skarvane (2023)
- Lucifer Was: Krig i opne landskap (2024)
- Enslaved: Gangandi (2024)

Arild Torvund Olsen

- Fødd 1977
- Høgskulelektor ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa ved Høgskulen i Volda.
- Er ein ivrig platesamlar
- Var kurator for utstillinga Nynorsk vinyl i Ivar Aasen-tunet i 2019
- Er leiar av Ulstein Mållag

over strøymemarknaden, kom vinylen tilbake for fullt. Arild er også vonfull for framtida til nynorsk-musikken.

– Det er sjølv sagt umogleg å spå framtida, men eg synest det er lovande å sjå dei nye artistane som kjem til. Mange av mine favorittar er nyare artistar, fortel Arild.

Sjølv om det står bra til, saknar Arild Torvund Olsen også noko innanfor den nynorske musikkatalogen.

– Det manglar noko musikk med elektroniske lydbilde, som elektronika og elektropop. Her kan det vera langt meir enn i dag. Synne Vo gjer tekstar på både nynorsk og dialekt innanfor elektropop, og meir av det skulle eg gjerne sett.

Google vil følgje den nye opplæringslova

I veka 30 stadfesta Google at dei vil følgje den nye opplæringslova og tilby **skriveprogram på nynorsk**.

■ – Dette er ein stor siger for elevane og alle som skriv nynorsk i Noreg. Nynorsk vinn fram som kvardegs-språk for alle, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, og Sebastian Natvik, påtropende leiar i Norsk Målungdom.

– Når norske styresmakter stiller tydelege språkkrav, så må også multinasjonale storkonsern rette seg etter lova.

Nesten éin av fire grunnskular bruker i dag mest skriveprogrammet frå Google til skulearbeid. Det har vore heilt uforsvarleg, og Noregs Mållag og Norsk Målungdom har lenge åtvara sterkt imot denne opplæringsituasjonen.

– Ein heil generasjon elevar har gått gjennom grunnskulen utan nynorsk skriveprogram. Det seier sitt om kor viktig det var at



Stortinget endeleg sette ned foten og no krev at skriveprogram i skulen skal vere på både nynorsk og bokmål, slår Peder Lofnes Hauge fast.

– Vi forventar no at Google frå skulestart har eit fullgodt tilbod på både nynorsk

og bokmål som følger offisiell norsk rettskriving, slik som opplæringslova pålegg dei, seier Sebastian Natvik.

Mållaget og Målungdommen vonar at Google nyttar dette høvet til å tilby nynorsk i alle produkta sine.

Noregs Mållag

Knoting og banning på dialektseminar

Fra 27. til 29. september blir det arrangert dialektfestival i **Strandebarm**.

Tema er dialekt, identitet og respekt

■ Biskopen i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen, er heidersgjesten på festivalopninga fredag ettermiddag i Fosse-huset.

I fjor stod mellom anna registrering av lokale stadnamn på programmet. Dette året kan ein høyra foredrag om korleis stadnamn i Kvam har fått namnet sitt og kva namna tyder. I tillegg vert amerikabrev henta fram frå kister og arkiv. Dei kan fortelja oss mykje om livet til utvandra hardingar og andre nordmenn, og korleis dialektane og skriftspråket hjå norskamerikanarane endra seg i møte med engelsk. Knoting og banning er andre tema som vert tekne opp i foredrag. Forteljarkurs for pedagogar vil dette året ha den magiske naturen som tema.



Gunnstein Akselberg skal kåsere.
Foto Samlaget

Helga har òg noko for born og ungdom. 10. klassingane lagar språkprogram for resten av ungdomsskulen på fredag, og dei minste borna får vitjing av barnebokforfattar Vegard Markhus. I tillegg vert det yogaleik og eventyrtur i skogen.

Både fredagen og laurdagen vert avslutta med dans. Fredagskvelden kjem Gunnstein Akselberg med kåseri, og etterpå vert det høve til å svinga seg saman med røynde gamaldansarar frå Kvam og nabobygder. Laurdag er det Oddny Miljeteig og Jimmy Næs som skal syta for underhaldning før dansen, som vert arrangert av Strandebarm ungdomslag.

Etter festivalgudsteneste, eventyrstund og kulturløype på sundag, vert festivalen avslutta med foredrag av Cecile Seiness og kaffi og marsipankake i høve årsmålsdagen til Jon Fosse. Han fyller 65 år 29. september.

Her kan du finna detaljar om programmet: dialektfestival.no

Kvam herad støttar festivalen økonomisk.

Arrangørar: Fosse-stiftinga, Folkeakademiet Kvam og Kvam Mållag, i samarbeid med Kyrkja, ulike frivillige organisasjoner og enkeltpersonar i Kvam.

■ kringkastingsringen



JÓGVAN HELGE GARDAR
Leiar i kringkastingsringen

Lær journalistane nynorsk!

■ Dei skriftlege media er ein av dei viktigaste arenaane for å spreie nynorsken til dei som vanlegvis ikkje ser han så ofte. Det er også ein naturleg stad å arbeide med haldningar, for å påverke oppfatningane om nynorsken hjå bokmålsfolket. Derfor er det så viktig å arbeide for mest mogleg nynorsk i dags- og lokalavisar.

■ Ei ny undersøking frå Språkrådet syner at stoda er god på ein del felt, men at det òg er stort rom for forbetring. 21 prosent av avisene i undersøkinga nyttar berre nynorsk i redaksjonelt stoff, medan 24 prosent nyttar både skriftspråka. I dei blanda avisene ligg nynorskandelen i snitt på 22 prosent, og dei fleste svarar at journalistane kan velje skriftspråk sjølv. Desse tala er positive, og peikar på ein relativt god representasjon av nynorsk i avismedia. Dei har heller ikkje endra seg stort dei siste ti åra.

■ Rørsla treng likevel ikkje gje seg der. Undersøkinga syner at det er rom for endå større nynorskan del gjennom relativt enkle grep. Redaktørane i dei reine nynorsk-avisene peikar på rekruttering av nynorsk-skrivande journalistar som ei utfordring. Mange av dei blanda redaksjonane oppgjev også at mange av journalistane deira har låg kompetanse i nynorsk. Mange sider ved dette problemet lyt sjølvsagt løysast i skulen, men mykje kan også gjerast i høgare utdanning. Nynorsk spesielt, og språkmedvit generelt, må få større plass på dei ordinære journalistutdanningane. Kulturdepartementet må også legge til rette for fleire praktikantplassar for nynorsk-skrivande journalistar, slik som ved avissenteret i Førde. Auka rekruttering til utdanningane bør vere meir enn mogleg, så stor etterspurnad som det er etter kompetansen.

■ Eit meir langsiktig prosjekt er å endre haldningane hjå lesarane. Mange av dei reine bokmålsredaksjonane oppgjev geografisk nedslagsfelt og lesarar som den viktigaste grunnen til å halde fram med å velje bokmål. Det er venteleg ein del dårlege haldningar der ute, men mykje av grunngjevinga her er *vanen*. Kan ein få inn ein liten del nynorsk i dei bokmålsdominerte redaksjonane, kan ein med tida freiste å endre den vanen. VG har synt at det er mogleg utan å miste lesartal.



Evje og Hornnes: stand under Landbruksdagane

Evje og Hornnes hadde tre fine dagar på stand under Landbruksdagane, og det var mange som vitja dei. Ei dialekttevling med ord frå Evje og Hornnes var veldig yllukka. Roll-

open og ordkort vart ein god start på samtalar om nynorsk og dialekt! Dei serverte mykje kaffi og twist, og verva mange nye medlemer! Eksemplarisk jobba, Evje og Hornnes!

Målpris til Magnhild Bruheim

Lom og Skjåk dialekt- og mållag heidra Magnhild Bruheim med målpris under Diktardagar helga 30. august–1. september. Bruheim fekk prisen

for aktivt å ha arbeidd for å samle målfolk og arbeidd for å ta vare på og styrke dialektane, og for å aktivt prate dialekt og nynorsk, og bruke nynorsk i bøkene sine. Ho fekk heider og ære, ein diplom og ein trykk laga av Sjur-Magnus Gundersen Aaboen.



STOR INTERESSE: Nesten 40 glade målvener deltok på turen. Her på Haugesenteret i Ulvik.

På tur med nynorsk i sekken

Sundag 25. august inviterte Odda Mållag til ein tur med både mål og meinung, for å seia det slik. Det vart ein tur spekka med kultur, historie og ikkje minst verdien av nynorsk og dialekt i alle samanhengar.

Turen hadde tre delmål: vitja det nye Wallevikmuseet i Vallavik, tre veldig interessante föredrag i Haugesenteret i Ulvik og avsluttande vitjing hjå pioneren i moderne sider-

produksjon, Nils Lekve. I Vallavik har Paul Wallevik opna ei spesiell utstilling i den gamle, restaurerte løa på garden. Her har han samla veldig mykje etter bestefaren, den kjende fotografen Anders P. Wallevik. Han etterlet seg ei eineståande samling av over 3000 glasplater med fotografi – tekne mellom 1905 og 1940.



Nynorskbakeri ved E18

Siv Anita Bugodt driv Aasmundsen bakeri si avdeling ved E18 ved Rustvedt, i det som før var Lasses kro, med alle plakatar på nynorsk! Ladestolpar på utsida av den nyopna kafeen, som serverer både middag, bakervarer og andre godsaker. Heia Siv Anita!



Bjørn Liaklev heidersmedlem i Hadeland Dialekt- og mållag

Bjørn Liaklev er utnemnt til heidersmedlem i Hadeland Dialekt- og mållag i juni. Gjennom eit langt liv har han gått og plukka opp dialektord som han har skrive ned på kartotekkort og sortert alfabetisk. To generasjonar hadelendingar kjenner han som ein inspirerande og kunnskapsrik lærar på Brandbu gymnas og den seinare vidaregåande skulen.

Leiar Reidun Ramse Sørensen heldt tale og redaksjonsmedlem og tidligare styremedlem Grethe Bøe gav blomar til heiderskaren for det gode samarbeidet om bokverket Hadelandsdialekta. Han fekk også eit diplom teikna av Herbjørn Skogstad.



SPRÅKLEG MEDVIT: Monika Haanes Waagan i juryen delte ut Nynorsk næringslivspris til Tom-Øyvind Solheim og Tonje Bjerkan under ei markering Nordfjord.

Foto: Joakim Vedvik / Fjordabladet

Nordfjordkompaniet er tildekt Nynorsk næringslivspris

Kvar år deler Noregs Mållag ut Nynorsk næringslivspris, og for fyrste gong går prisen til eit opp-læringskontor.

■ – Nordfjordkompaniet, med sin tydelege nynorskprofil og språklege medvit, bidreg til å heve statusen til det nynorske språket innanfor yrkesfaga. Dei er eit føredøme for både lærlingane, medlemsbedriftene, andre opplæringskontor og næringslivet elles, seier Monika Haanes Waagan, jury-medlem for Nynorsk næringslivspris.

Nordfjordkompaniet er eigd av meir enn 130 medlemsbedrifter. Gjennom kompaniet går desse bedriftene mellom anna saman om å tilby læreplassar, rekruttere lærlingar og følgje dei opp gjennom læretida.

Levande og leikande

– Det er lett å sjå at supergjengen, som dei kallar seg på nettsida, ved Nordfjordkompaniet er opptekne av språket sitt. Dei nyttar eit levande og leikande språk, der lærlingar og lærebe-

drifter blir til superlærlingar og superbedrifter.

– Med ungdom som målgruppe er Nordfjordkompaniet eit viktig førebilete for dei unge språkbrukarane i Nordfjord. Vi veit at kontoret oppmodar elevar og lærlingar om å halde på språket sitt og fortsette å bruke nynorsk både i utdanninga, i jobbsøknader og i arbeidet sitt, og det set vi stor pris på. Ungdomane våre treng ein nynorsk heiagjeng i ryggen, seier Monika Haanes Waagan.

Etterlyser nynorsk

– Noregs Mållag vil også understreke at vi set pris på at Nordfjordkompaniet er eitt av dei opplæringskontora som etterlyser nynorskversjonar

av digitale læremiddel og -ressursar, i dei lærefaga der slike ressursar manglar, seier leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge.

Prisen vart delt ut på tilskippinga «Jakta på superkreftene» på Operahuset i Nordfjord. Monika Haanes Waagan delte ut prisen på vegner av juryen til Tom-Øyvind Solheim og Tonje Bjerkan frå Nordfjordkompaniet.

– At vi har fått denne utmerkinga, er det største som har hendt meg så lenge eg har vore tilsett, og eg har vore med frå starten, sa ein tydeleg rørt Tom Øyvind Solheim då han takka for prisen.

– Fantastisk!

– Vi legg ned mykje arbeid i språket vi brukar, og det er viktig for oss at det vi skriv, er gjenomført og på nynorsk. Gjennom nynorsk viser vi kven vi er. Vi håpar dette kan påverke ungdomane våre, og at dei også kan vere stolte av kven dei er og staden dei kjem frå. Det kjenest fantastisk at Noregs Mållag har lagt merke til innsatsen vår!

Juryen har vore Anders Riise, leiar, Monika Haanes Waagan, Kristofer Olai Ravn Stavseng, Marianne Granheim Trøyflat og Jan Atle Stang.

“Det er lett å sjå at supergjengen, som dei kallar seg på nettsida, ved Nordfjordkompaniet er opptekne av språket sitt.”

Fremma nynorsk-saka og vann fram

Vestland fylkesting talte staten og den nye opplæringslova midt imot – på vegner av nynorsk, og vann fram.

Den nye opplæringslova, som gjeld frå 1. august, seier at kvar kommune og fylkeskommune skal gje forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skule, anten bokmål eller nynorsk. Skulen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar og føresette.

– Svekkjer nynorsk

Det tykte Vestland fylkesting var ein dårlig idé, heiter det i ei pressemelding frå fylkeskommunen.

– Vi meiner dette svekkjer nynorsk. Ei forskrift som tvingar skuleeigar til å velje skriftspråk, også som undervisningsspråk, bidreg ikkje til å fremje nynorsk, verken i Vestland eller i resten av landet. Resultatet blir snarare mindre språkmangfold, og at elevane blir mindre eksponerte for nynorsk i kvar dagssituasjonar, seier fylkesordførar Jon Askeland i pressemeldinga.

Departementet snudde

Fylkesutvalet skulle behandle sak i møtet 5. og 6. juni og kome med innstilling til fylkestinget, som skulle ta endeleg avgjerd under tingseta 18. og 19. juni. Men før fylkesutvalet kom så langt, kom beskjeden frå kunnskapsdepartementet om at protesten frå Vestland blir teken til følgje.

– Her førte engasjementet vårt på vegner av nynorsk fram. På Magnus Lagabøte si tid så kunne tinget setje lovframlegg til side dersom dei anten var for strenge eller for slappe, eller tinget meinte dei var feil av andre grunnar. Så det er ein god tradisjon for det, seier fylkesordføraren, og legg til at fylkeskommunen ikkje bør gjøre det til vanne å protestere mot nasjonale lover og reglar.

I språklova § 1 heiter det at offentlege organ skal ta ansvar for å bruke, utvikle og styrke bokmål og nynorsk, og særleg nynorsk som det minst brukta skriftspråket. Vestland fylkeskommune meiner den nye opplæringslova § 15–2 står i strid med dette og har altså fått medhald.

(©NPK)

Supervervar Live

Nestleiar og supervervar **Live Havro Bjørnstad** har verva over 100 medlemer til Mållaget. Norsk Tidend har spurt henne om dei beste vervetipsa hennar.

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

– Gratulerer med å ha verva over 100 stykk! Korleis får du det til?

– Det er eigentleg berre å spørja! Anten spør eg folk direkte når eg pratar med dei, eller så sender eg ei melding. Ein hovudgrunn til at mange ikkje er medlemmer i Mållaget, er at ingen har spurt dei. Så berre spør!

– Kven er det du har verva?

– Vener, familie, kollegaar, det meste eigentleg. Eg har også verva på foreldremøte i barnehagen, og på andre typar møte. Men det er sjølv sagt enklast å verva folk ein kjenner, for dei er jo nær deg av ein grunn!

– Har du nokre vervetips?

– Det beste tipset er å alltid ha med seg vervemateriell. Då har du noko å peika på for å forklara korleis ein melder seg inn. Men det kan også vera noko å gje til dei du verva, som ein slags premie. Glitrande nynorsk-klistremerke, til dømes! Det er ein verve-vinnar. Og så funkar det med bakst! Bak bollar eller ei kake til lunsjen på fredagar. Det kan du lokka mange med.

– Møter du motstand, eller blir du beden om å argumentera for kvifor ein skal mælda seg inn i Mållaget?

– Nei, det er sjeldan. Eg opplever at det lite kontroversielt å



BERRE SPØR: Det beste vervetipset Live har, er i fyrste omgang å berre spørja om den du pratar med, er medlem i Mållaget. Dei fleste er ikkje medlem fordi dei ikkje er blitt spurde.

bli med i Mållaget, nynorsk er ei ganske enkel sak å fremja. Eg trur mange har lyst til å vera ein god alliert, anten dei skriv bokmål eller nynorsk.

– Viss eg må sei noko om kvifor, så brukar eg oftast å sei at det er bra for nynorsken når mange vil vera med i Mållaget. Det gjev oss ei sterkare røyst, og då får me lettare gjennomslag for gode tiltak. Men først og fremst brukar eg berre sia «meld deg

inn, så gjer du meg veldig, veldig glad.» For det blir eg!

– Så du berre spør folk, og så vert dei med i mållaget? Det er jo nesten litt magisk?

– Jepp, det er helt magisk! Eg har jo også nokon strategiar for korleis ein skal koma inn på temaet nynorsk i ein samtale, som gjer det lett å spørja «du er ikkje medlem i Mållaget, du då?». Det kan vera så enkelt som å sei «åå, det ordet du brukte der var fint!»

eller «eg var på møte i Mållaget i går». Ein har sjølv sagt lov å lata som ein har vore på møte også, berre for å starta samtalen – ei kvit lygn på vegner av nynorsken, det må vera lov!

– Og så er det veldig enkelt å verva folk ved å prata om Jon Fosse. I fjar hang eg opp eit banner på lunsjrommet på jobb med biletet av Jon Fosse, der det sto «ver ein medgangssupportar du òg». Då blei det fart på innmeldingane!



BILTEKST: Overrekning av helseplakaten til Bøverbru legekontor. Frå venstre: Kari Røssum og Jorunn Årsby frå Toten dialekt- og mållag, kommuneoverlege i V. Toten, Jens A. Mørch og fastlege på Bøverbru legekontor, Øyvind Torp.
Foto: Mina B. Sveen

Dialektord på dokterkontoret

■ Styret i Toten dialekt- og mållag fekk for nokre år sidan ein idé om å få laga ein helseplakat. På plakaten ville vi presentere ord og uttrykk frå Toten-målet som hadde med helse og sjukdom å gjera, og først og fremst ønskte vi å finne att ord som ikkje lenger var i vanleg bruk. Det syntet seg at det lokale museet sat med store mengder ord og uttrykk som vart samla inn for om lag 50 år sidan, og her fann vi det vi leitte etter. Vi fekk karikaturteiknaren Herbjørn Skogstad (HERB) til å illustrere plakaten for oss.

I skrivande stund har vi delt ut innramma plakatar til legekontora i Østre Toten, Vestre Toten og Søndre Land. Og etter kvart skal plakaten også kunne henge

på venteromma på legekontora i Nordre Land og Gjøvik.

Om plakaten vil kunne bidra til betre folkehelse i distriktet vårt er uvisst, men vi håpar i alle fall at folk som går til legen, vil kunne gle seg over plakaten. Og mange vil sikkert kunne lære nokre dialektord som knapt har vore brukt dei siste tiåra.

Denne ordforklaringa følgjer helseplakaten:

Kvæstill – stygg hoste

Hommolsbot – knehase

Å vera skräntin og tåsæl betyr om lag det same, dvs. å vera i dårleg form.

Toten dialekt- og mållag
v/Jorunn Årsby (leiar)



Arne Garborg, 1851–1924



Olav Nygaard, 1884–1924



Anton Aure, 1884–1924

Garborg, Nygard og Aure: 1924–2024

Arne Garborg (1851–1924), Olav Nygard (1884–1924) og Anton Aure (1884–1924). Kjende namn frå literatur- og språkhistoria – eller? **Hadde dei noko sams?**

■ Jærbuen og europearen **Arne Garborg** blir fortent feira, omtala og diskutert i nye artiklar. Men so er han då òg av våre aller fremste diktarar, med verk som *Bondestudentar*, *Fred og Haugtussa*, og ein framifrå intellektuell i si samtid. Og for nynorsk språk, for målrørsla, den viktigaste ideologen og praktikaren gjennom si skriving. Nasjonalbibliotekaren Aslak Sira Myra skriv personleg, levande og opplysende om sin Garborg i siste nummer av *Syn og Segn*. – Time kommune har to gigantar på kvar sin måte: Erling Braut Haaland og Arne Garborg. Men Garborg vann den litt uformelle folkerøystinga om å vere «størst» i Time kommune sist sommar!

Olav Nygard, lyrikar i verdsformat, frå Modalen i Hordaland. Dyrka og verdsett av kjennarar, men lite kjent for dei fleste. Kanskje eit namn frå pensumlista med diktet «No reiser kvelden seg?» Fleire litteratar og forfattarar har formidla kunnskap om diktaren, ferskast Erlend Nødtvedt, som har skrive seg inn i Nygards poesi. I august kjem Ronny Spaans med ei ny bok om denne ruvande lyrikaren – til hundreårsmerkinga i Modalen.

Den 18. juli er det 100 år sidan **Anton Aure** døydde, 40 år gammal. Ein på fødeår og dødsår samtidig av Olav Nygard, ein nær venn og åndsfrende. Begge døydde av tuberkolose, jamgamle. Han var romsdaling, oppvachsen i Aureosen i Fræna/Hustadvika. Men kven kjenner til han? Svært få, endå til i Romsdal. Han har heller «aldri vore dyrka i den nynorske heltesoga», skreiv Idar Stegane i Romsdal sogelags årbok for 1984. Kanskje ikkje i

målrørsla, men han har fått mykje ros for det eineståande arbeidet sitt av mange, t. d. Sigmund Skard. – Han var ein boksamlar og bibliograf av rang - ja, den fremste me har hatt innanfor arbeidet med nynorske publikasjonar. Han formidla nynorsk litteratur til ungdommen på ein lettfatteleg måte m.a. gjennom månadsbladet han redigerte, «Ung-Norig». Og han hjelpte fram nye forfatterspirer. Frå starten av var han primært lærar og organisator m.a. innanfor ungdomslagsrårsla og til sist statsstipendiat med 'Nynorsk boklista' og boksamling på heiltid. «Ved å samle alt, inkludert det som forståsegpåarar meinte var utan verdi, skapte han eit slags «nynorsk nasjonalbibliotek» for samtida og framtida», skriv Ellen Elisabeth Nicolaysen, bibliotekar og forskar på Aure-samlinga ved Nasjonalbiblioteket, i ein e-post til underteikna.


Han listeførte og systemati-

serte og gav oss eit oversyn over den nynorske litteraturen og ei unik boksamling – i dag på Nasjonalbiblioteket i Oslo. Han synte at den nynorske litteraturen kring 1920 var større og rikare enn det mange var klar over. Han ville framfor alt fremje det nynorske språket eller norsk mål – som målfolk helst sa den gongen. Det er ei uttalt drivkraft frå hans side. Det gjorde han òg gjennom småskrift, tidsskrift, bladarbeid og lagsarbeid i Noregs Ungdomslag.

Desse tre: Garborg, Nygard og Aure kjende kvarandre godt, samarbeidde og var viktige aktørar i den norske målreisinga. Nygard og Aure var nære venner frå Møre folkehøgskule i Ørsta og Anton Aure var ein av dei siste som vitja Arne Garborg før han døydde i januar 1924. Alle tre budde kring Labræten i Asker.

På heimegarden i Aureosen reiste Romsdal ungdomssamlag i samarbeid med Romsdal sogelag ein minnebauta over statsstipendiat Anton Aure i 1927. Han og dei to andre er verdt å minnast og heidrast både for den kultur- og litteraturarven dei gav oss og for innsiktsfullt å ha framelska og kjempa for det nynorske språket.

Garborg, Nygaard og Aure er verdt å minnast og heidrast for innsiktsfullt å ha framelska og kjempa for det nynorske språket.



Odd Nordstoga
SPELEMANN

«Dypt rørende»
ANDREAS WIESE, DAGBLADET

«En herlig selvbiografi»
AUDUN VINGER, DAGENS NÆRINGSKVAD

QR code: [LES MEIR OG KJØP BOKA](#)

Samlaget

The book cover features a black and white photograph of Odd Nordstoga playing an acoustic guitar outdoors. The title "Odd Nordstoga SPELEMANN" is at the top. A green circular badge on the left contains two reviews and a QR code.

Eg har bestemt meg for å legge alt skamvit til sides og fylgje meg sjølv med tastatur. Eit slags reality show på papir blir det vel. Eg skal hente fram minne frå stadene mine, frå vegane mine og folket mitt, for det er dei som ligg mellom linjene i musikken min. Fortelje fram baklandet til songane mine. Det er det eg skal prøve på. Der ligg historia mi òg, historia om ein som starta på trekkspelet som åtteåring og lét musikken vise vegen heilt hit. Eg håpar det blir ei bok om ein spelemann, for det synest eg er ein fin ting å vera. Å, kunne eg vera ein spelemann!

Spelemann er ei personleg forteljing om å vekse opp på gard, om å vera betre til å spela trekkspelet enn fotball, om familielivet og songskapinga heime på Nordstrand og om det såre og det fine med å ha ei syster som er annleis.



Er nynorsk i uppløysing?

■ Oskisk var eit mål skyldt med latin, tala i Sud-Italia. I 2017 hadde me funne 800 skrifter på oskiskt, og talet er vel større i dag. Frå det me ser av språket vart det trengt undan av latin meir og meir med tid. Me ser ei sein men sikker vending mot latinsk grammatikk og ordformer i seinare skrifter, og litt etter vulkanutbrotet i Pompeii (79 e.Kr.) må målet ha døytt heilt ut. Oskiske ord vart stava på latinsk vis, og, liksom med alle dei andre italske måli, vart språket heilt uppløyst i berre nokre få hundradår etter romarane kom. No hender det same med norsk.

■ I 1853 kom Ivar Aasen med fyrste utkastet på eit norskt skriftmål tufta på målføri, i *Prøver af Landsmalet i Norge*. Dette målet, som skulde vera for heile landet, og ikkje berre ein einskild landsdel, vart godt teke imot av det norske folket, og 28 år seinare kom Jamstellingsvedtaket som feste landsmål på eit likt nivå med dansk. Dansken som vart skriven i Norig hadde ein norsk dåm i ordval, men all onnor staving var lik med modersproget i Danmark fram til 1907. Fram til i dag hev bokmålet i røyndi brigdt seg lite. Samnorsk gjorde sitt, men det meste vart umgjort i 2005, med berre nokre fåe sideformer som smaug seg inn til norm i dag. Riksmålsrårsla vann fram etter den offentlege samnorskdauden. Det vil segja at den danske skrift-

tradisjonen er det som bokmålet byggjer på, ikkje den munnlege norske.

■ Me kann ikkje segja det same um nynorsken. «Samnorskdauden» som Språkrådet og andre skryt av hev, kva enn dei no skulde segja, ikkje brigdt på det norske målet me ser i kvardagen. «Nynorsken» me les i avisone, bøker, og på nettet hev stødt og stendigt anbhetelsar og nyttar norsk-dansk stilgrunnlag som byggjer på latin og ikkje det norske folkemålet. Ja, i dag las eg det nye programmet til Norsk Målungdom um «språk i ein digital kvardag» og der fann eg slike neter som «språkmogleitar» og «skriveferdigheitene». Ein kunde lett avløysa desse ordi med å skriva setningane meir rett fram – det vil segja mindre tyskt eller latinskt, eller eventuelt med å bruka norske ord. Kva er gale med «skriveevnene»? «Språkhøve» eller «målråder»? NMU stend ikkje åleina i gali ordleiding, men dette programmet er eit framifrå døme på korleis norsk, ja landsmålet, er i uppløysing. NMU skal no vera ein organisasjon som «fremjar det nynorske», ikkje sant?

■ Kann me då kalla dette målet for «nynorsk»? Det verkar som ein ulv i saueham, bokmål med eit nynorskt fyreklaude. Nynorsk er mykje meir enn bokmål med litt ulik staving og nokre «tøffe» ord.

Det er eit fullt og sjølvstendig mål med sin eigen grammatikk, som ikkje må stydja seg på det danske målet som råder i landet. Me kann, so klårt, nyttja eitkvart nytt ord som kjem inn, når me ikkje alt hev eit ord for umgripet. Men Aasen sjølv var imot å taka inn slike lange ord som ervde frå den dansk-tydske tradisjonen. Kvi skal me skriva oppmerksamheit eller oppmerksemad når me hev gaum? Erfaring når me hev røynsle?

■ Språkrådet er ei av dei verste gruppene når det gjeld bokmål i nynorsken. Eg arbeider som sakshandsamar i ein kommune, og fekk melding frå kommunedirektøren at eg ikkje bør brukta norske ord (føremon og ettermon), for politikarane skyna deim ikkje. Då eg sende ein e-post å Språkrådet og bad um rettleiding på korleis eg kann løysa vandemålet, kom svaret «berre bruk fordel og ulempe, dei er jo nynorskord dei ògl!». Nei, Språkrådet. Dei er ikkje nynorskord. Dei er bokmålsord som ein fær skriva på nynorsk. Dei er like mykje «nynorskord» som Schadenfreude er eit «engelskord».

■ Eg hev von for framtidi, kor enn det ser ut. Jon Fosse, nobellaureat, skriv eit framifrå norsk, utan dansk form og med norske ord og vendingar. Når folk ser godt norsk, merkar dei at det er godt, og gjev det rettkomen vyrdnad. Me gjeng ikkje den same leidi som oskisk. Men eit godt stykkje

arbeid må til før me kann stadfest det. Til dømes kann Noregs Mållag stydja tiltak for å taka vare på tradisjonelle ord, og frå målføri, der mange ord lett kann verta landsgilde. Me kann styrkja a-infinitiven, og gjeva råd um god ordleiding – ikkje lat deg lura av substantivsykje. Norsk likar helst verb. Fyrst og fremst bør me stydja umsetningsarbeid i programvara, og tryggja at det vert gjort på norsk vis.

■ I same programmet frå NMU skriv dei:

Gjennom å laga det same innhalDET på både skriftspråk sikrar ein at born vert eksponerte for sitt hovudmål, men også har moglegheita til å bytte over til sitt sidemål for eksponering av dette i tillegg.

Ei betre ordleiding lyder soleis, på statsnormi:

Ved å laga det same innhalDET på både skriftspråka tryggjer ein at born får sjå hovudmålet sitt, men også har høve til å [eller, kan] skifta til sidemålet sitt for å sjå meir av det òg.

Men elles er ordleidagi i programmet ikkje so gali. Det er fyrst og fremst ordvalet det stend på, og formuvissa. Andre, særleg NRK, er mykje verre.

■ Nokre siste spørsmål til deg som segjer ja til alt frå bokmålet: Kva ser du fyre deg er enden? Skal nynorsken verta eten av bokmålet? Ersø det, kvi er du med i målrørsla i heilo?

Andrew James Rabbitt

VINNAR AV NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS 2024



NORDFJORDKOMPANIET



SAMAN GJER VI NORDFJORD
SUPRARE

NORDFJORDKOMPANIET PRESENTERER VI GJER NORDFJORD SUPRARE EI SATSING FOR ALLE SOM VIL BIDRA TIL Å GJERE NORDFJORD SUPRARE
LÆRLINGAR OG LÆREPASSAR SUPERLÆRLING JOBB I NORDFJORD SUPERJOBB FRITIDSAKTIVETAR SUPERFRITID
FINN DIN YRKESVEG JAKTA PÅ SUPERKREFTENE NETTVERK FOR ALLE I NORDFJORD HEIA NORDFJORD

www.nordfjordkompaniet.no

Noregs Mållag og prinsippet for nynorsk

■ «Som språkpolitikar såg Aasen ingen veg fram for landsmålet utan at det kunne reknast med i ein internasjonal språkfellesskap som eit fullverdig språk.» Dette skreiv Oddmund Løkensgard Hoel i Norsk Tidend 1/2019, i ein artikkkel om «dei nynorske prinsippa». Når desse no er endra til «språkleg mangfold», har ein stilt seg utanfor den internasjonale språkfelleskapen.

Det som karakteriserer desse språka, **er at** dei er einskaplege.

■ Rettskrivinga 2012 vart laga etter prinsippet «språkleg mangfold», og nynorsken fekk alternative ordformer og bøyningar frå bokmålet. Dette endrar språket, og i dag er mykje nynorsk utan stil og karakter. Dessutan har språket vorte vanskeleg å læra. Då kan ikkje nynorsk lenger reknast for eit eige språk, slik som målrørsla har ynskt. Nynorsken skulle vera eit alternativ til bokmålet.

■ Å skriva stilreint krev at ein nyttar ord og bøyningar som er karakteristiske for språket, og «stilen» er sjela i eit språk. Ein som tenkte på dette då rettskriving av 2012 låg føre, var Ottar Grepstad. Han har vore ein sentral mann i målrørsla, og var då leiar for styret i Språkrådet.

Grepstad fekk styret til å vedtaka at Språkrådet skulle laga ei norm attåt den offisielle hovudnorma, og han kalla henne «**et kvalitets-tilbod**». Norma skulle vera til hjelp for dei som ynskjer å skriva stilrein nynorsk – ei «**tilrådd norm**!» Her er saka slik Grepstad førde henne i pennen:

«2012-normalen vil romme all korrekt nynorsk med valfrie former. Som eit tillegg til denne går styret med seks mot to røyster inn for at språkrådet lagar ei tilrådd norm for nynorsk. Med ei slik norm brukar ein berre éin skrivemåte av alle ord som har valfrie skrivemåtar i den offisielle rettskrivinga.»

Den tilrådde norma «blir eit tilbod som ikkje er obligatorisk å bruke for nokon, men kan gjere det lettare for mange privatpersonar å skrive regelrett og stilsikkert,» heiter det i vedtaket.

«Dette skal ikkje gå ut over den individuelle fridomen eller den regionale krafta i nynorsk,



men gi ein ferdig pakke og eit trygt kvalitetstilbod for alle dei som ynskjer eller treng det», seier Grepstad til slutt.

■ Men «Tilrådd norm» vart avvist av departementet, som ved Språkrådet styrer den statlege språkpolitikken. Stilrein nynorsk var ikkje eit ynske. Og språkdirektøren seier no at «språket er eit kollektivt prosjekt» (som skal fylgja talemålet). Dette står under press frå fleirtalsspråket, og dei nynorske dialektane forsvinn. Det synest at det har vore om å gjera å fjerna det karakteristiske frå nynorsken, til dømes alle y-orða – ynskja etc. og a-infinitiven.

■ Denne språkpolitikken er openbert ikkje i samsvar med det tradisjonelle føremålet å Noregs Mållag. Endringa for nynorsken er uttrykt slik i den

nye språkhistoria frå 2018:

«Norsk språkhistorie, særleg den nyare, vert ... historia om **dei språklege innovatørane**, som gradvis og fekk styringa over norsk språkpolitikk. **Dei språklege tradisjonalistane, som representerte den vanlige språkbruken og breidda i skriftkulturen** (markering HH), kjem berre i synsfeltet når dei opptrer med aktiv motstand mot språklege reformer.» Dette er sitat frå band 3 (side 121) av verket «Norsk språkhistorie», Novus forlag 2018.

Språkrådet har gjort regelen for fleirtal av alle hankjønnsord til ar-ané, slik at hankjønnsorda som høyrer til unntaka og endar på er/ene, også kan enda etter hovudregelen. Soleis har **venar** og **sauar** vorte normrett nynorsk. Andre ord under unntaksregelen er vegger/veggene, sekker/sekkene, m.fl., samt orda på -nad: søknader/søknadene.

bunader/bunadene. Elles er ei bøyingsform som Språkrådet har gjort obligatorisk, **lærte**, medan **lærde** er forma i alle nynorske dialektar og i hedemarksmålet.

■ Nynorsken har mange problem som mållagsleiaren skriv om i leiarartiklane sine. I siste nummer av Norsk Tidend var overskrifta: «Når læraren ikkje kan skrive». «Det bør vere umogleg å sitje stille og sjå på at vi utdannar lærarar som ikkje har kompetansen som krevst,» seier han. Når ein må velja mellom mange variantar av ord og bøyningar, vert nynorsk vanskeleg – mest umogleg å læra. Og når ein ser korleis mange skriv nynorsk i dag, er ikkje stoda bra. Skal eit språk vera mogleg å læra, må det vera fast og systematisk. Dette var Ivar Aasen nøye på.

Hallvard Hegna

Omsetjaren på Fløgsta Kvífor eg mislukkast i å

AV MATTHIAS FRIEDRICH

Det er litt pussig å seie det, men det var Karl Ove Knausgård sitt *Ute av verden* som gav meg nøkkelen til den nynorske bokheimen. Ikkje på grunn av historia, men fordi denne romanen var del av ei liste over «De 25 beste» Dagbladet hadde laga i 2006. Eg kom over denne lista i 2014, medan eg lært norsk, altså bokmål, ved å lese så mange norske bøker som mogleg. I tillegg til forfattaren frå Arendal fekk eg auge på eit namn og ein tittel eg aldri hadde hørt før, nemleg Kjartan Fløgstad og *Kron og mynt*. Eit veddemål, frå 1998. Bøkene vart presenterte med kvar sin artikkel og gjorde meg kjent med mange – etter mi ringe mening – obskure romanar, mellom anna Thure Erik Lund sin *Grøftetildragelsesmysteriet*, som eg skulle omsetje til tysk fire år seinare. Eg bad universitetsbiblioteket i Hildesheim om å anskaffe dei fleste av dei (dvs. låne dei hjå andre bibliotek) og gav meg i kast med lesnaden.

Kvífor var romanen til Fløgstad så forlokkande? Berre nokre få ord frå Lars Ove Seljestads artikkel i Dagbladet gjorde meg nyfiken på *Kron og mynt*: «eit barokt romanunivers», «høge og låge språkspel», «livsfortellingar og familiekrøniker». Me hadde altså med postmoderne litteratur å gjere, trudde eg. Då eg opna *Kron og mynt*, forstod eg raskt at dette kom til å bli både trøyttande og underhaldande, der *fascinasjon* var den dominerande kjensla. Prosjektet er meir enn tydeleg: Fløgstad freistar å granske korleis nyliberalismen heldt inntog i dei tusen heimar – og rydda sosialdemokratisk forestillingar om eit mer progressivt fellesskap av vegen. I dag, det vil seie på nittitallet, er arbeid berre eit mål i seg sjølv. I fortida, erfarer me, var det ei gudsteneste, i romanen symbolisert gjennom kunstnaren Anders Smiths bruskbarokke prekestol, som tente som plattform for Guds ord. Trussamfunnet blei avløyst av oljeindustrien som berre forkynner vinstar og tap, og Gud er noko berre teologar og historikarar driv med. Men heldigvis held Fløgstad seg langt unna kulturpessimistiske dommedagsprofetiar.

Eg minnast knapt noko frå sjølve lesnaden. Det er det eg her ønskjer å kalla «Fløgstad-amnesien». Eg var så begeistra av *Kron og mynt* at eg gløymde med det same kva eg eigentleg hadde lese. Likevel flimra bilet, ordfragment og scener framleis gjennom bakhovudet. Eg sette romanen svært høgt, mykje høgare enn Knausgård. Denne svermeriske amnesien førekjem oftare enn eg vil, og då gjerne med bøker eg elskar – därleg litteratur, derimot, hugsar eg kvar einaste detalj av. «Gjenlesning betyr her virkelig å lese på nytt – som om man leser for første gang», det fortalte Leif Høghaug meg ein gong då me snakka om nettopp Fløgstad. Og det gjorde eg hausten 2021 og, etter ein periode med andre

Matthias Friedrich

- Fødd i 1992
- Omset litteratur frå mellom anna norsk, dansk og katalansk til tysk
- Han har arbeidd med forfattarar som Leif Høghaug, Ida Marie Hede og Adrià Pujol Cruells.
- Han bur i Trier i Tyskland.

til å forklare i ein fotnote med noko som nesten er det samme, men med andre ord. Eg meiner at ein må følgje denne andre framgangsmåten for å omsetje ei bok av eit kaliber som *Kron og mynt*, og det er også det eg har prøvd å gjøre. Eg skal no gje eit innblikk i korleis eg har arbeidd med forordet i romanen.

Allereie i dei første linjene møter me eit avsnitt som skapar hovudbry for omsetjaren. I innleiinga får me presentert fortertljarinstansen Aa. Aavaath:

Eg er det siste mennesket. I alle fall i telefonkatalogen. På dei kvite sidene for Oslo er eg den siste kvinnen og den siste mannen. Til og med åtsel er nummeret for Aavaath. I det nordiske alfabetet er eg absolutt sistemann ut. På andre språk finst eg ikkje. Dei stoppar to bokstavar før min byrjer.

X Y Z.

Æ Ø: Eg er Å.

Etter meg kjem bare reglane for staving av vanskelege ord i telefonen. Åse – Enkel-v – Åse – Teodor – Harald. Så følgjer den analphabetiske syndfloda. Reklamen på siste omslagsside.

Deretter blir det stilt.

*Eg er sistemann. Så er det slutt:
Adam og Aavaath.*

Her er det fleire ting som er verd å legge merke til: kjønnet til forteljaren, som korkje er mann eller kvinne, vitsen med «sistemann», som eigentleg motseier det som blei hevda før, og alfabetet som er ulikt på nordisk og tysk. (For å gjere det enklare skal eg i det følgjande bruke pronomenet «hen».) Her kjem mitt forslag på ei løysing:

Ich bin der letzte Mensch. Im Telefonbuch jedenfalls. Auf den weißen Seiten für Oslo bin ich die letzte Frau und der letzte Mann. Sogar Aas steht als Nummer noch vor Aavaath. Im nordischen Alphabet bin ich das absolute Schlusslicht. In anderen Sprachen gibt es mich nicht. Die enden zwei Buchstaben vor meinem.

X Y Z.

Æ Ø: Ich bin beim A und O das O.

Nach mir kommen nur noch die Regeln zum Buchstabieren schwieriger Wörter am Telefon. Åse – Viktor – Åse – Teodor – Harald. Als Nächste die analphabetische Sintflut. Auf der letzten Umschlagseite die Reklame. Hernach Stille.

*Ich bin das Schlusslicht. Dann ist es aus:
Adam und Aavaath.*

Eg må tilføye at eg no, meir enn eit år etter at eg skreiv dette, er temmeleg forundra over min versjon av Fløgstadstekst. Eigentleg hadde eg venta noko anna. Noko meir tenleg, kanskje? Det eg ser her er etter mitt syn eit litt därleg kompromiss. Eg vil gjerne greie ut kvífor.

«Eg er sistemann ut» er, som sagt, eit veldig underleg ordval. Kva meiner Aavaath med det? At hen identifiserer seg som mann likevel? Eller er det berre eit spel med forventingane til lesaren? «Ich komme als Letzter» ville vere

dmark, eller: omsetje Kron og mynt



Foto: Kristianne Marøy

ei ikkje altfor upassande løysing. Her er substantivet («Letzter») maskulint. I staden valte eg ei kjønnsnøytral omsetjing: Min versjon seier ingenting om kven dette «Schlusslicht» er, mann eller kvinne. Med andre ord, vitsen går tapt i min versjon, om enn det ikkje er nødvendig. Ville eg – med samtidas diskursar i bakhovudet – få fram at eg-forteljaren (kanskje, kanskje!) er ikkje-binær? Ogsjølv om det moglegvis er tilfellet, høver det ikkje her, språkspelet er viktigare. Likevel valde eg det eg valde. Gudane veit kvifor.

Skilnadane mellom det norske og det tyske alfabetet er det mykje vanskelegare å få bukt med. Æ, Å og Ø finst nemleg ikkje på morsmålet mitt. I staden har me andre omlyd – Ä, Ö, Ü, og siste bokstaven er Z – men det er fullt ut mogleg å finne eit alternativ som seier nettopp det same som originalteksten, kanskje døype forteljarinstansen Zaavaath. Fløgstads «Æ Ø: Eg er Å» ville da lyde «A: Ich bin das Z» og setninga «På andre språk finst eg ikkje» ville eg vere nøydd til å fjerne, sidan konsonanten Z er ganske utbreidd. Kirsten Vagn Jensen derimot, Fløgstads danske omsetjar, var ikkje tvungen til å leite etter eit alternativ, ho kunne berre overta den nynorske teksten («Jeg er Å»). Det viktigaste for meg, derimot, er å sjå etter ein veg mellom det norske og det tyske språksystemet. Det gjeld altså å finne ei løysing som følgjer dei same reglane som den norske teksten, for eksempel «Z – dobbel-a – enkel-v – dobbel-aa – Viktor – Agnes – Teodor – Harald». Moglegvis er det nødvendig å avvike frå kjelda. Men det er ikkje det eg gjorde. I staden valde eg, som Vagn Jensen, å reproduusere den nynorske teksten.

No følgjer eit avsnitt som heldt meg i arbeid i fleire år.

Men eg vil ikkje minnast. Eg legg jord på fortida. Eg legg stein på stein. Eg legg på bergartar og grunnfjell. Eg legg på is og djup våt snø. Eg strør sand på. Eg legg på eit strøk til. Og endå eitt.


Eg legg på for kjende.

Eg legg på ekstra når eg fortel. Eg legg armert betong med yreregn på. Eg glattar ut eit nytt strøk med puss. Eg legg vinn på å liggja på veret. Eg legg luft mellom meg og gamle dagar.

Det mest påfallande her er at Fløstad speler med forskjellige betydingar av verbet «leggje»: plassere ting i ein viss orden, dekkje, forme ut, byggje, ta vegen, fare. Forteljaren ønskjer å bli gløymd, vil bli eit landskap. Hen legg jord både på seg sjølv og menneske hen har kjent, men er samtidig viljig til å imponere andre ved å leggje på ekstra, gjerne med litt harde ord. Det er veldig vanskeleg å gjenskape det Fløstad har fått til her, og eg trur at det berre finst mellomloysingar. Kirsten Vagn Jensen har valt å arbeide med forskjellige verb: «Eg legg på eit strøk til» blir til «Jeg giver den et lag til», «Eg legg på for kjende» er «Et tykt lag» (og dermed ei gjentaking av den førre setninga) og «Eg legg på litt ekstra når eg fortel» omset ho med «Jeg

TEATER ER BEST PÅ TEATER. MEN EIN KVELD I OKTOBER KAN ALLE I HEILE LANDET
OPPLEVE TEATER HEIMANIFRÅ - DIREKTE FRÅ HOVUDSCENEN!

Fem gode grunnar til å sjå direktestrøyminga 15. oktober:



DIREKTESTRØYMD TEATER KAN DU SJÅ PÅ MOBIL, PC, TV VIA CHROMECAST ELLER AIRPLAY!

smører ekstra tykt på når jeg fortæller». Ho satser altså på variasjon (men er ikkje veldig konsekvent i det). Dette er ein mogleg framgangsmåte, men samtidig går intensiteten i ordspillet tapt, og dermed eit viktig element av Fløgstads stil. Vitsen er jo nettopp at avsnittet berre gjev inntrykket av at det er repetitivt. Men når me ser nærmare etter, så merkar me at det er eit utspekulert språkspel me har framfor oss.

Her kjem mitt framlegg:

*Aber ich will nicht, dass man sich an mich erinnert.
Ich lege Erde auf die Vergangenheit. Dann lege ich
noch Gestein und Grundgebirge obendrauf. Eis und
Tiefen, nassen Schnee. Ich streue Sand darüber. Und
lege eine Schicht hinzu. Und noch eine.*

Ich lege Bekannte bloß.

*Beim Erzählen lege ich nochmal extra was
drauf. Ich lege armierten Beton mit Sprühregen.
Ich glätte eine weitere Schicht mit Putz. Ich lege
Wert darauf, mich ins Zeug zu legen. Ich lege
viele Kilometer zwischen mich und Vergangenes.*

Det gler meg at eg har prøvd å gjøre det same som Fløgstad i hans tekst. I motsetnad til Kirsten Vagn Jensen har eg avstått frå å variere verbforrådet, men likevel meiner eg at eg ikkje lukkast med det. Her er det to eksempel eg vil sjå litt nærmere på

«Ich lege Bekannte bloß» har ikkje same betydning som i den norske teksten. «Bloßlegen» er litt paradoksalt fordi det betyr «grave ut» (når forteljaren eigentleg gjer det motsette) og «avsløre». Fløgstad skriv: «Eg legg på for kjende», dvs. at Aavaath tar litt hardt i for nokon hen kjenner. Korleis det kunne skje, veit eg ikkje, men også her ville det vere temmeleg lett å etterlikne den norske teksten, for eksempel ved å samanstille ord som er ulike i innhald med ein sideordnande konjunksjon. «Und lege eine Schicht hinzu. Und noch eine./Und mich für Bekannte mit anderen an.» «Sich mit jemandem anlegen» betyr «å ta litt hardt i nokon» – og det for å framstille seg sjølv som hardhendt. Dette retoriske knepet har ein litt komisk effekt på tysk.


Med «Eg legg vinn på å liggja på veret» er det endå meir komplisert. «Å leggje vinn på» betyr «å gjøre seg føre med», «vinn på veret» er eit maritimt uttrykk for «å liggje omrent stille (med fartøy) på grunn av uvær», men står også for «å vere passiv i vente av gunstigare forhold». Eit år etter å ha omsett denne passasjen veit eg ikkje lengre kvifor eg bestemde meg for nettopp denne omsetjinga: «Ich lege Wert darauf, mich ins Zeug zu legen». Jo, eg greidde å gjenta verbet Fløgstad nyttar, men på litt feil måte, meiner eg. «Ich lege viel Mühe ins Ruhigliegen» ville vere ei nokså bokstaveleg, men betre løysing: Eg strever med å halde meg i ro, er som eit skip som vil reise, men eg kan ikkje fordi forholda er ugunstige.

Førordet fortset med blødmer:

F Vi har talens bruk. Eg er talens brukar. Saman er vi talens brukarar. Frå kvar vår side kryssar vi talens bru, med brukarar på begge sider av tidas straum.

Heile passasjen byggjer på dobbelttydinga av «brukar» og «bru-kar», «person som bruker noko» og «oppbygging som overdelen av ei bru kviler på». Meiningsinnhaldet vert omsett som ei vare, vert transportert frå det eine språket til det andre – og skifter tydinga mellom tidane. Kva som er nytt i dag, er forelda i morgen. Ja, det er ein nydeleg – og kanskje litt gamaldags – metafor for det å omsetje litteratur. La oss først sjå på Vagn Jensens tolking:

Vi har talens brug. Jeg er talens bruger. Sammen er vi talens brugere. Fra hver vor side krydser vi talens bro, med brugere på bægge sider af tidens strøm.



Me oppdagar raskt at dobbelttydinga ikkje funkar på dansk. «Bru-kar» er «bropille», «brukar» («konsument») omset ho med «bruger». Hos Vagn Jensen blir bruas karar til ... karar. Dette er ufriviljug komisk, kanskje, men ei anna løysing finst ikkje på dansk. Då gjeld det berre å omsetje så bokstaveleg som mogleg.

Her er mitt forslag:

*Uns durchfließt der Strom der Sprache. Ich bin
der Strompeiler der Sprache. Von unserem
jeweiligen Ufer aus überqueren wir den Strom
der Sprache, strömen auf beiden Seiten des Zeit-
flusses zusammen.*

Eg er overraska over å sjå at eg har utelate bruha og brukaren. I staden har eg leitt etter andre utvegar. «Strompeiler» er eit ord for ein brukar i ein straum («Strom»). Mi omsetjing lyder: «Vi er gjennomstrømma av talen. Eg er talens brukar. Frå kvar vår elvebreidd kryssar vi talens straum, straumar saman på begge sider av tidas straum.» Det er noko heilt anna, men med Fløgsts tekstu som utgangspunkt. Og det seier det same: meiningsinnhald som vare, omsetjing som transport av ord mellom det eine språket og det andre.

Det er merkeleg å kaste eit nytt blick på ein tekst ein arbeide med tidlegare. Ein har utvikla seg i mellomtida og oppdagar feil og stilistiske sjølvmotseiingar med det same. Likevel er det litt pinsamt å måtte innrømme at dette første forsøket kanskje ikkje var verdt brytet, og det endå til på fleire plan enn berre det estetiske. Som nemnt ville eg gjerne finne eit forlag for dette prosjekta, men lukkast ikkje med det. For å seie det med mine eigne ord, det finst ikkje behov for Fløgstad i Tyskland – eller for Kron og mynt.

Etter å ha snakka med Gyldental om rettane (dei var ledige), valde eg å ta kontakt med tyske forlag. Eg hadde ei liste. Var det nokon som hadde interesse for ein samfunnskritisk roman med eit tydeleg venstrepolitisk innslag? Nokon som kanskje var opptekne av pikaresk litteratur? Nokon som ville publisere ein (ny-) norsk klassikar, blurba av meisteren (Knausgård) sjølv (om enn berre uoffisielt)? Det galdd altså å finne den gylne middelvegen – og eit forlag som hadde sans for minst eit av desse kjenneteikna. Difor tok eg kontakt med März Verlag som hadde utmerkt seg med nettopp det litteratursynet Fløgstad i mine augo forfekta: engasjert, men ikkje altfor plump, og særeige. Attpåtil kunne redaktøren norsk. Og han var interessert, om enn ikkje med tydelege ord. Det gjekk nokre månadar. Stille. Så spurde

eg han. Har du lese prøveomsetjinga mi? Svarer kom allereie nokre minutt seinare: Eg trur ikkje at dette er noko for oss. Eg fekk det ikkje bekrefta, men eg trur ikkje at han las utdraget av boka. Men no og då får ein eit svar ein kan arbeide med, om enn ikkje slik ein har tenkt seg. Verlag Rote Katze frå Lübeck, eit forlag som utgir litteratur frå Austersjøområdet, såg ut til å vere ein litt betre match enn, la oss seie, «juggernauten» Suhrkamp. Eg forsøkte å selje inn Kron og mynt som ein roman med lokalt sær preg. Noko av handlinga går føre seg i Nordtyskland, og då er det nærliggande å snakke med eit forlag som publiserer litteratur frå eller om nettopp den delen av landet. Det trudde eg i alle fall. Romanen, skreiv redaktøren, syntest å vere svært ambisiøs, men diverre var førti sider for lite til å seie noko om heile føretaket. Dette var litt pussig, meinte eg, kvifor skulle eg omsetje hele romanen før eg hadde fått ein kontrakt? Dei ville seie nei likevel. Eg tok hintet og skrinla prosjekta. Heldigvis kom det noko anna, og eg kunne gløyme at eg var skuffa.

Mykje av det vi omsetjarar gjer er ubetalt arbeid, dvs. at me slit med å finne eit forlag for eit prosjekt me ønsker å arbeide med. Det er endå verre når det gjeld nynorsk. Dei fleste tyske lesarane veit nemleg ikkje at det finst to norske skriftspråk i Noreg. Når ei bok som er skriven på nynorsk innimellom dukkar opp på den tyske marknaden, opplever eg at forlaget ofte ikkje seier noko om ho er skriven på bokmål eller nynorsk. Ofte heiter det berre «omsett til tysk av...» Og sjølv om me har sett eit oppsving i nynorske utgjevingar her i landet, er det framleis slik at forfattarar som ikkje allereie er store internasjonalt – til dømes nobelprisvinner Jon Fosse eller Tarjei Vesaas, som begge er blitt kjende gjennom Knausgård – ikkje har nokon sjanse. Det er alltid godt å ha ein mektig mentor, men sjølv om Fløgstad har nokre utgjevingar på tysk, t.d. U3, er han gløymd. Eg trur det har noko med den historiske konteksten å gjøre. Den tyske Fløgstad er forankra i DDR-litteraturen, ein republikk som for lengst er forsvunnen. Det sosialistiske prosjekta han presenterte i sytti- og åttitaltsbøkene sine hadde nok sympatisørar i kommunismen, men marknadsliberalismen i det sameinte Tyskland gjorde slutt på slike idear, og forlaget har alltid meir påverknad enn einskilde forfattarar. I dag opplever arbeidarlitteraturen ein renessanse, men diverre er debatten ofte fylt av hykleri. Sidan framgangshistorier alltid når ut til eit stort publikum, vil forlaget gjerne løfte fram den prekære stillinga til arbeidaren i samfunnet, samstundes som dei sjølve bidreg til utrygge forhold ved å ikkje betale ordentlege lønningar til forfattarar, omsetjarar o.l.

Dette er konfliktane eg som omsetjar har å kjempe mot. Men kanskje er forklaringa på kvifor eg mislukkast med Kron og mynt litt enklare enn eg vil tru. Moglegvis var eg rett og slett ikkje eigna for å arbeide med Fløgstad? Berre sjå kor innfløkt forordet er. Ville eg hatt krefter til over 500 sider til av dette? Nokre av forslaga mine er gode, men feila er ikkje til å ignorere. Og ja, eg har arbeidd med Leif Høghaug, ein forfattar som har skrive ein heil roman på hadelandsk, i tillegg har eg strevd med Thure Erik Lund som både nyttar neologismar og Modumsdialekt. Likevel må eg innrømme at det kanskje er uråd å gå seg vill på Fløgstadmarka, i alle fall for meg. Eg elskar Kron og mynt, eg har lese ho fleire gonger, men eg kan ikkje arbeide med denne romanen, det går ikkje, enkelt og greitt. Og kven veit, kanskje er det ingen som kan – eller får mogleheta.

Røvarhistorier frå Buenos Aires

Den nyaste nynorske klassikaren frå Skald er kaotisk og sjølvmotseende. Forfattaren er nær sagt ukjend i Noreg. Men med *Sju galningar* har forlaget Skald treft gull.

■ Når ein skal skildre skrivestilen til Roberto Arlt, er det lett å ty til klisjear om latinamerikansk litteratur: Ja, han har eit visst preg av magisk realisme. Ja, han er eksperimentell og utradisjonell. Han er sjeldan redd for å filosofere seg inn i omvegar eller la forteljinga ta uventa retningar. Men å lese prosaen hans minner oss om at vi kan finne nye opplevingar sjølv i dei hjørna av litteraturen me trur me kjerner godt frå før.

Sju galningar vert rekna som hovudverket til Arlt, som levde eit vanskeleg liv i Buenos Aires på første halvdel av 1900-talet, før han døydde ung i 1942. I Argentina og resten av den spanskspråklege verda nyt han stor beundring, særskilt blant fleire av dei store forfattarane frå den latinamerikanske blomminga i etterkrigstida.

Romanen dreier seg om utfordringane til Augusto Erdosain, ein vinglante og uvoren pengeinnkrevjar. Når me møter han i byrjinga av boka er han allereie på skråplanet, skulda for å ha svindla arbeidsgjevaren sin. Jakta etter pengar er det som driv forteljinga, men Erdosain kjem borti langt fleire lugubre personar og farlege



■ bokmelding

Roberto Arlt:
Sju galningar
Skald, 2024

situasjonar enn han hadde rekna med. Nokre av dei er nokså typete, skikkelsar ein kjerner att frå liknande forteljingar: Melankolske Alfons, halliken som framfører ein lang tirade til forsvar for prostitusjon. Kapteinen, den autoritære antagonisten som ein kveld dukkar opp hjå Erdosain og tek med seg kona hans, utan at antihelten vår finn motet til å stå imot.

Mest minneverdig er likevel Astrologen, ein gätefull figur som planlegg revolusjon og maktovertaking i Argentina, utan at det står heilt klart for han kva ideologi han skal velje. Ein må plassere han ein stad mellom Benito Mussolini og Ragnar Hovlands



Roberto Arlt

Foto: Skald

Dr. Munk; ein fablante, filosofrande demagog med stor evne til å samle folk om saka si. Kva den saka er, og kva problem ho eigentleg skal løyse, er framleis rimeleg diffust, men at ho er basert på konspirasjonsteoriar og løgner, verkar nokså klart. Astrologen og den vesle krinsen hans durar like fullt vidare med planlegginga, medan det revolusjonære nettverket tilsynelatande grip om seg i heile Argentina. Passasjane frå Astrologen byd på fleire treffande politiske poeng, og det er vanskeleg å oversjå krafta og presisjonen i spådommene hans, samstundes som det rablante og konspiratoriske lynnet gjer han vanskeleg å tru på. Arlt let derimot ikkje den politiske filosofien ta overhand, men nyttar han som krydder i den

rasande og buktande forteljinga om Erdosain, som ikkje klarar å la vere å vikle seg stadig djupare inn i problema sine. At det i siste konsekvens kan tyde vald og drap, verkar etter kvart som ei heilt naturleg følgje av Astrologens sta-dig meir eksentriske leiarstil.

Det er rett nok uheldig at boka har ein oppfølgjar som ikkje er omsett til norsk enno. Kva kunne ein rekne med å finne der? Kanskje ei meir tilfredsstillande avslutning på hovudkonflikten, kanskje endå fleire fabulerande omvegar. Eg trur mangelen på oppfølgjar likevel ikkje er eit stort sakn, men at desse permane inneheld det viktigaste me kunne få: rein forteljarglede, imponerande fantasoverskot, og noko å tenkje på.


Jógvan Helge Gardar

Renaissancepersonen Kristian Fossheim

Terje Lyngstad har skrive ein varm og **interessant biografi** om fysikaren Kristian Fossheim.

■ Korleis kunne ein gut frå ein liten gard i Jølster bli ein internasjonal velkjend fysikar som har motteke ei rekke prisar for forskingsarbeidet sitt? Og korleis gjekk det til at han etablerte Gunnerus-prisen, som er verdas fremste forskingspris for berekraftsforsking?

Professor Kristian Fossheim (f. 1935) er jølstringen som er riddar av 1. klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden for si livslange teneste for vitenskapen. Det er klart han fortener ein biografi! Den oppgåva er det ein annan jølstring, Terje Lyngstad, som har tatt på seg. No



■ bokmelding

Terje Lyngstad:
Kristian Fossheim. Jølstring på vitenskapens verdsarena
Selja forlag, 2023

Forfattar Terje Lyngstad er frå Jølster, men bur i Førde, der han til dagleg er lærar.

er boka komen, og ho er verdt å lese for både den som er oppteken av fysikk, berekraft og målsak, eller for den som vil lese ei velskriven framstilling av eit interessant liv og virke i Noreg dei siste nitti år.

Ramma for Kristian Fossheim. *Jølstring på vitenskapens verdsarena* er ei kronologisk framstilling av livet til den biograferte. Vi følgjer han i oppvekståra i Sogn og Fjordane, studentliv, arbeidsliv i USA, Oslo, Trondheim og ei rekke reiser i inn- og utland. Her er det mykje å fortelje! Likevel klarer Lyngstad å trekke trådar og løfte fram sentrale tema for alt Fossheim har lagt ned i arbeid og fritid gjennom eit langt liv. Vi blir kjend med eit menneske som heile livet har vore oppteken av formidling. Dette engasjementet hjå Fossheim får Lyngstad løfta fram på ein

sær fin måte. Til slutt i boka kan den som er spesielt interesser i forskaren Kristian Fossheim, boltre seg i detaljar i forskingsliv og detaljar.

I føreordet skriv Lyngstad at «[d]en viktigaste kjelda til boka er Kristian Fossheim sjølv». I og med at mykje av det som blir fortalt i boka er etter samtalar mellom Lyngstad og Fossheim, kjem biografen tett på den biograferte. I ei sakprosabok kan dette grepene vere på både godt og vondt.

Men i denne framstillinga er det først og fremst ein styrke. Forfattaren av denne biografien er sambygding med Fossheim, og han viser at han kjerner godt til miljøet den biograferte er fødd inn i og som har hatt mykje å seie for den han er og har fått utretta.

Espen Tørset


Tsjekhovs nålepute

Den andre romanen frå Kristin Tveiten er eit lite stykke **velkomponert uhygge** frå den norske landsbygda.

■ Fyrst får ein kjensla av at det er ein krim ein tek fatt på: Opningsscena hjå lensmannen med kald kaffi og avmålte spørsmål er ein velkjend trope, men Tveiten er ikkje oppteken av sjølve brotsverket. I staden serverer ho oss eit heilt liv tilbakeblikk, der ho freistar forstå korleis den gamle mannen endar opp med å gripe til børsa på joleftan.

Osvald veks opp i små kår åleine med mor, utan å vite kvar det vart av far hans. Me får nokre sveip over lokalmiljøet, skulen, naturen, men me held oss alltid tett på Osvald og forholdet til den strenge mora og smeden Salve på grannegarden. Det er eit klamt, vanskeleg og ofte beint fram uhyggeleg liv, med sosial kontroll, «lausunge»-tilrop i skulegarden, og få utvegar. Pietismen held hardt om den vesle grenda, sjølv om det syner seg at få andre enn Osvald sjølv lever opp til idealta, der han strever under dei nedarva strukturane med storbonden og presten som utilnærmelege maktfigurar på toppen.

Osvald traskar jamleg ut i skogen og skjer åra sine inn i ei gamal furu, og det er her, i smia og heime med mor at romanen skin bjartast. Tveiten påkallar til tider samfylkingen Vesaas der ho maktar å seie så mykje om det som ikkje kan seiast, om alle dei vanskelege kjenslene som kokar under huda. Osvald ber på både nag og sorg, og figuren får stor djupleik når Tveiten syner korleis kjenslene riv og slit i sinnet hans. Mora er hardnakka og tverr, men ho er ikkje blotta for kjærleik til sonen. Dynamikken mellom dei to gjev boka emosjonell tyngde, og forklarar livet Osvald freistar, men ikkje heilt fär til å leve utanfor dei fire veggane hjå mor. Osvald har sine fristader i smia og skogen, men han kan ikkje – eller vil ikkje – kutte banda heilt til den einaste familien han kjenner, ho som verker i kroppen hans «som ei fantomsmerte». Samstundes er han



bokmelding

Kristin Tveiten:

Nålehuset

Samlaget, 2024

medviten arvesynda som renn i årene hans, og kanskje er ikkje fornamnet hans tilfeldig valt.

Noko av truverdet forsvinn når Osvald fer til hovudstaden og finn kjærleiken, særleg der teksten gjer han meir naiv enn det er grunnlag for. Når bygdesymbolismen vert til byrealisme fell Tveiten, slik mange har gjort før henne, for freistnaden til å gjere bygdegutten for flat og truskuldig. Når bøllen og storbondesonen Frank plutseleg dukkar opp i Majorstukrysset for å gje Osvald endå ein nasestyvar, vert det nesten vanskeleg å ta seriøst. Heldigvis hentar Tveiten seg fint inn att så snart Osvald er tilbake i trygge omgjevnadar ved Seljordsvatnet, og her gjev romanen oss fleire sterke passasjarar frå einsemda og alderdommen fyrt med, så utan mor. Og når Osvald sei-



Kristin Tveiten

Foto: Samlaget

nare er attende i Oslo, skjer det i langt meir treffande vendingar.

Sjølv om mykje forblir usagt, inneheld romanen mange element som held nervene i spenn gjennom heile livet til Osvald: Kva skal han med kniven han alltid har på seg? Kva botnar eigentleg fiendskapet med Frank i? Og kva hende med Johanne, den store kjærleiken i hovudstaden? Når den innrammande krim-gåta skal oppklarast, er det ikkje løysinga som er interessant. Det er heller kva som utløyser handlinga, etter så mange år med undertrykte kjensler og tilsynelatande emosjonell kontroll. Tveiten avrundar på eit vis som gjev svar, men som også stiller nye spørsmål. Og som ein god roman skal, gjev ho lesaren hug til å byrje att frå starten, for å sjå kva ein gjekk glipp av.

Jógvan Helge Gardar

Språk og makt i ny bok frå Grepstad

Heilt sidan han gav ut dei første bøkene i 1980-åra, har bøkene til Ottar Grepstad vore eit resultat av eit **imponerande kjeldearbeid**.

■ Her er det ikkje noko juks eller nokon snarvegar å spore. Det er solid handverk frå start til slutt. Resultatet har vore bøker som vil stå som pilarar i norsk kulturhistorie. Dette er så til dei grader tilfelle også med den siste boka han har skrive, *Farlege språk. Historisk lesebok om språkkonfliktar*.

Kva er den norske røynsla jamført med kulturkonfliktar om tale og skrift over tid i andre



bokmelding

Ottar Grepstad:

Farlege språk. Historisk lesebok om språkkonfliktar

Dreyers Forlag, 2024

land? Det er spørsmålet Grepstad prøver å svare på. Denne boka har ikkje berre vorte til bak eit skrivebord. Forfattaren møter augevitne på fleire kontinent, og han forskar seg gjennom ukjende dokument som set eit nytt lys på språkkonfliktar i verdshistoria.

Farlege språk er ei reise rundt i heile verda. Mexico, Syria, Tyskland og Danmark, for å nemne nokre land der språk har vore ei kime til konflikt i historia vår. Og sjølv sagt får vi ny innsikt i språkkonfliktar vi har vore vitne til i vårt eige land.

For ein trønder er det spesielt interessant å lese den grundige framstillinga av striden om namnet på trønderhovudstaden i 1920-åra. Med politikaren og skolemannen Knut Markhus i

spissen var det fremma forslag om at byen skulle heite Nidaros. Fleirtalet i ei folkerøysting ville ha namnet Trondhjem. Dermed var slaget i gang. Resultatet, som vart Trondheim, kjenner vi til. Vegen fram mot dette kompromisset er meir ukjend. Her var det sterke krefter i sving!

Forteljingane om farlege språk blir pakka inn på ein lettfatteleg og god måte med teoriar og ei grunnleggjande forståing av kva politikk er. For språk er politikk. Og språk er makt. Det er ein sentral essens i boka. Lesaren sit heldigvis att med mykje å tenke på etter å ha lese *Farlege språk*. Der menneske møtest kan vi aldri undervurdere krafta i samanhengen mellom makt og språk.

Espen Tørset

■ kviss • Audun Skjervøy

- 1 Odd Nordstoga har gitt ut sjølvbiografien *Spelemann*. Men kva heiter gjennombrotsplata hans som soloartist?
- 2 På denne plata finst låten «Kveldssong for deg og meg». Kven har skrive teksten?
- 3 Tre nynorskprofilar som på ulike vis har vore viktige for språket, døydde alle i 1924. Kven dreier det seg om?
- 4 Kva brennevin blir særleg i Normandie produsert av eplesider – gjerne tilsett litt pærer?
- 5 Kva er råstoffet i rom som kjem frå Karibia og Mellom-Amerika?
- 6 Menneska har landa ein romsonde på ein av månane til ein planet utanfor astroidebeltet. Kva heiter månen?
- 7 Kva er ei samlenemning for dei stadig fleire planetane som blir oppdaga rundt andre stjerner enn sola?
- 8 Kva konge kasta seg i sjøen under slaget ved Svolder?
- 9 Kven tente Harald Hardråde før han blei konge?
- 10 Kva slags dyr var det første som blei skapt – av rim, ifølgje norrøn mytologi?
- 11 Kva er skilnaden på æser og åsynjer i den norrøne gudelæra?
- 12 Har ein tyfon kraftigare vindstyrkar enn ein orkan?
- 13 Klimaforskarar snakkar ofte om albedoeffekten. Kva effekt er det?
